



Styret i Venstre er uendra etter årsmøtet.

Kvinnherad Venstre har hatt årsmøte og attvalt Kent Are Kjørsvik Petterson som leiar. Dei andre i styret er Annemor Ekeland, Kjell Yri (Uskedalen), Kristian Bringedal (Uskedalen) og Ingrid Handeland. Medlemstalet er framleis 28 i partiet. Ved valet fekk partiet ein oppslutnad på 3,9 prosent i kommunen - ein nedgang på 0,3 frå valet i 2009.

Venstre seier seg lei for nedleggjinga av post A ved Valen, men vil halda fram med å arbeida for eit sterkt og godt sjukehus.

I årsmeldinga får Unge Venstre ros for sitt engasjement i skulebruksplanen for Hordaland.

Partiet held fram at ungdomssenteret må finansierast snøggast råd fordi det er eitt av dei viktigaste tiltaka for å førebyggja rusproblem blant unge. Det er og ein viktig ressurs i arbeidet for å integrera innvandrara.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen
NETT: Ola Matti Mathisen